



Styremøte

Tid og stad:

Onsdag 18. september 2013 kl. 18.00 hos Anne Bjørg Bringsvor.

Saksliste:

1. Kulturmidlar.
2. Nye medlemmer.
3. Bulystmøte.
4. Møte om helse og omsorg.
5. Arthur-helga 2013.
6. Innbrotet på klubbhuset.

Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor (ABB)
Nestleiar	Endre Vorren (EV)
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor (EVB)
Kasserar	Svein Helge Bringsvor (SHB)

Ikkje til stades: Styremedlem Knut Olav Skare.

Referat:

Sak 1: Kulturmidlar. Vi har fått verken møterefertat eller tilskot etter fordelinga av kulturmidlane i kommunen. ABB prøver å få klarheit i saka.

Sak 2: Fleire "ukjende" har gitt signal om at dei vil melde seg inn i idrettslaget. ABB har fått spørsmål om innmelding gjennom meldingar på Facebook, men hugsar ikkje namn og finn ikkje igjen meldingane. Alle som vil kan melde seg inn ved å betale kontingenten til SIL sin bankkonto. Dei som ikkje har fått tilsendt giro, kan finne nødvendig info på nettsida til idrettslaget.



Sak 3: Møte om bulyst i Sande førre måndag (16.9.). SIL invitert, men ikkje representert. Grendalaget derimot til stades. Ikkje ein sak for dei ulike laga på Sandsøya.

Sak 4: Innkalling til møte om helse og omsorg. Kommunen og helsesektoren inviterer lag og organisasjonar til møte om ulike tema. Det meste av dette ikkje veldig aktuelt for idrettslag. ABB ikkje høve til å reise. Truleg ikkje representasjon.

Sak 5: Arthur-helga. Oppsummeringa etter helga snart fullført. Økonomisk godt resultat med noko over 100.000 kr i overskot. Fleire har signalisert at fordelinga av pengane må diskuterast. Fiskarheimen bidreg lite. Kanskje bør dei få betalt etter innsats? Betalingsterminal vart leigd inn av SIL – må vere obs på at denne utgifta skal inn som ein del av fellesrekneskapen.

Ove Myklebust er usikker på om samarbeidslaget får nytte plassen til storteltet, og vil heller at ein bruker Gunhildbuda. Vi vil helst ha den same teltplassen vidare. Dersom Gunhildbuda skal nyttast, må den utbetrast betrakteleg. Lite lys, lite plass og dårleg golv. Det var også litt styr i forkant av årets helg når det gjeld camping, men dette ordna seg etter oppklarande samtale. Campingtilbodet bør vere slik som det var i år. Oppsummert var Arthur-helga ein suksess også i år.

Sak 6: Innbrotet på klubbhuset natt til 29. juni. Saka har gått til forlikrådet. Ikkje møte mellom partane før haustferien (veke 40 eller 41) pga. skule. Vi veit at det er to skuldige, og vil oppmode til å få fram dette. ABB vil helst ha møtet på Larsnes, og helst ha med seg ein til frå styret.

Møtet vart avslutta kl. 19.10.